



## NYTT FRÅ NYE ØYGARDEN KOMMUNE

31. januar 2019

### No kan du lesa rapportane

Rapportane frå dei fem hovudprosjekta og dei om lag 35 delprosjektrapportane vart publiserte 31. januar. Den 28. januar leverte dei fem hovudprosjekta rapportane sine etter konseptfasen, mellom anna basert på rapportar frå oppretta delprosjekt. Prosjektrådmann Rune Lid er godt nøgd med det arbeidet som er gjort og nyttar høvet til å takka alle deltakarane for godt arbeid - I konseptfasen har deltakarane i delprosjekta og hovudprosjekta gjort eit godt og omfattande arbeid, seier Lid. Ved å gå inn på nettsida til Nye Øygarden kommune ([www.nyeoygardenkommune.no/for-tilsette/administrativ-prosjektorganisering](http://www.nyeoygardenkommune.no/for-tilsette/administrativ-prosjektorganisering)) vil du finna pdf-fil av rapportane frå hovudprosjekta og delprosjekta.

### Fellesnemnda vedtok pensjonsløyising med forsikra løyising i KLP



Fellesnemnda vedtok den 17. desember at dei tilsette i Nye Øygarden kommune skal ha forsikra løyising i KLP (Kommunal Landspensjonskasse). Det vart lagt til i vedtaket at det skal undersøkast om det er lovleg å gjennomføra forsikra løyising med KLP utan anbod. Prosjektrådmannen skal koma tilbake med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og gje orientering om vidare prosessar. *Biletet viser gruppesamtale i pausen.*

### Gav tillitsvalde oppdatert informasjon

Like før jul gav prosjektrådmann Rune Lid 19 hovudtillitsvalde status for arbeidet med å byggja den nye kommunen.

– Det handlar om å ha eit kaldt hovud og eit varmt hjarta, sa Lid då han orienterte om skuggebudsjettet Nye Øygarden kommune. Lid innleia møtet med å visa til korleis arbeidet i prosjektfasen er organisert. Under dei fem hovudprosjekta (Oppvekst, Helse og velferd, Kultur og samfunn, Økonomi og Organisasjon og digitalisering) er det sett i gang om lag 35 delprosjekt. Fram til 28. januar (konseptfasen) gjennomførte delprosjekta klarlegging av no-situasjonen og kom med forslag til organisering, dimensjonering, framtidig satsingsområde og prioriteringsplan.



### Forventar godt resultat for brukarane

I midten av januar samla prosjektrådmann Rune Lid nærare 60 deltakarar på arbeidsverkstad på Panorama Hotell & Resort. Prosjektrådmannen har stor tru på at arbeidet i dei fem hovudprosjekta og dei mange delprosjekta vil gje gode resultat.

- Eg kjenner eg ikkje til innhaldet i det delprosjekta arbeider med no. Eg er spent på resultatet, og eg forventar at mandata er svarte på og at resultatata for brukarane er gode når eg får overlevert rapportane, sa Lid då han innleia på arbeidsverkstaden.

På samlinga snakka Sverre Roos Mangrud (biletet) frå IML (Institutt for medskapande leining) om relasjonell kapasitet.

- Auka forandringsfart gjer planlegging vanskeleg og skapar frustrasjon. Korleis møter vi desse utfordringane? Vi må gå vekk frå å tenkja boksar til å tenkja samarbeidsrelasjonar. Organisasjonskart er berre eit mentalt bilete. Ingen har sett ein organisasjon. Vi må ta ansvar for gråsonene, sa Roos Mangrud.



### **Felles kommunestyre**

Den 17. januar var dei tre kommunestyra i Sund, Fjell og Øygarden samla til felles kommunestyre. Tema på møtet var økonomi, klimaomstilling og kommuneplanarbeid. Rune Lid gjorde medlemene i dei tre kommunestyra merksam på at den nye kommunen står framfor store økonomiske utfordringar i arbeidet med å få økonomien i balanse.

Dei tre kommunane har i dag oppunder tre milliardar kroner i omsetnad. Prognosane for dei næraste åra er at Nye Øygarden kommune går mot negativt netto driftsresultat frå 2020. Påtroppande kommunalsjef for Kultur og samfunn, Råmund Skjold, orienterte om arbeidet med kommuneplan for Nye Øygarden kommune. Det var paneldebatt både om kommuneøkonomi og kommuneplanarbeid. Gjesteforelesar var professor på Universitetet i



Bergen, Håvard Haarstad. Han var tydeleg på at klimaomstilling er eit reelt vilkår for kommunalt handlingsrom.

### **12 har søkt på stillinga som kommunalsjef for økonomi**

Den endelege søkjarlista til stillinga som kommunalsjef for økonomi i Nye Øygarden kommune er klar. Fem av søkjarane er kvinner. Mellom søkjarane er Egil Robert Johansen som er fagleiar for økonomi og rekneskap i Øygarden kommune.

### **Kva skjer vidare?**

I februar skal prosjektrådmannen gå gjennom alle rapportane som er komne inn. Etter planen skal det gjerast vedtak om nivå to i organisasjonen innan 11. mars (orientering og ev. prinsippvedtak i fellesnemnda) og leiarstillingar på nivå to innan 30. april. Plassering i stillingar i den nye kommunen skal etter planen vera gjennomført seinast 21. juni. Avgjerdene om lokalisering av tenestene/avdelingar skal skje innan 31. oktober. Alle tilsette skal få informasjonskriv om rettane og pliktene deira i prosessen.